



FJELL KOMMUNE

Plan og utbyggingssjefen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE REGIONALAVDELINGA

Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksb. – tlf.	Dato
	2017/2016 - 21732/2017	Berit Karin Rystad - 55097370	23.08.2017

Søknad om å bli sykkelby

Fjell kommune søker om å bli sykkelby. Vedlagt ligg vedtak frå formannskapet i Fjell kommune dagsett 02.05.17

Med helsing

Berit Karin Rystad
Plan- og utbyggingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Postadresse:
Postboks 184
5342 STRAUME

Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no

Bankkonto:
Bankkonto for skatt:
Organisasjonsnr.:

5261 05 00013
6345 06 12466
951 996 777



Fjell kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2017/2337-8696/2017
Sakshandsamar: Jeanett Nesse
Dato: 29.03.2017

SAKSDOKUMENT

Utvaksnsr	Utval	Møtedato
28/17	Formannskapet	10.05.2017
41/17	Kommunestyret	18.05.2017

Sykkelbyavtale for Fjell

Samandrag av saka:

Det eit stort potensiale for auka bruk av sykkel i Fjell. Med stor folketilvekst dei neste 30 åra og ei tilsvarende auke i bilbruken, kan trafikktihøva på lokalvegane føra til særslig problematiske forhold. Ei endring i bruk av reisemiddel frå bil til kollektiv, sykkel eller gange, blir difor viktig for å betra framkoma på vegnettet.

Ved å inngå ein sykkelbyavtale med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen kan kommunen synleggjera og styrka sykkelsatsinga, og bli prioritert ved tildeling av tilskot til auka sykkelbruk. Sykkelbyavtalar har vist seg å vera ein vellukka metode for samarbeid andre stader i landet, og kan bidra til betre miljø og folkehelse der innbyggjarane bur, arbeidar og lev liva sine.

Rådmannen rår til at Fjell kommune inngår avtale med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å verta sykkelby, og vil prioritera FV 209 Foldnesvegen og KV 47 Bildøyvegen i søknad om tilskot til gang- og sykkelveg.

Innstilling:

Kommunestyret vedtek:

1. Fjell kommune søker Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å verta sykkelby.
2. Fjell kommune prioriterer FV 209 Foldnesvegen og KV 47 Bildøyvegen i søknad til Statens vegvesen om tilskot til gang- og sykkelveg.

Straume, den 02.05.2017

Steinar Nesse
Rådmann

Berit Karin Rystad
Plan- og utbyggingssjef

Handsama i Formannskapet - 10.05.2017:

Saka vart drøfta og plan- og utbyggingssjef Berit Rystad svara på spørsmål.

Innstilling vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 10.05.2017:

1. Fjell kommune søker Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å vera Sykkelby.
2. Fjell kommune prioriterer FV 209 Foldnesvegen og KV 47 Bildøyvegen i søknad til Statens vegvesen om tilskot til gang- og sykkelveg.

Handsama i Kommunestyret - 18.05.2017:

Tilråding gjort i formannskapet vart **samrøystes** vedteke.

Desse hadde ordet i saka: Hilde Sandahl.

Vedtak i Kommunestyret - 18.05.2017:

1. Fjell kommune søker Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å vera Sykkelby.
2. Fjell kommune prioriterer FV 209 Foldnesvegen og KV 47 Bildøyvegen i søknad til Statens vegvesen om tilskot til gang- og sykkelveg.

Dokument vedlagt saka:

- Lenkje til søknad frå Statens vegvesen:
Tilskot til tiltak for økt sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar, 2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Dei nasjonale forventningane seier noko om kva regjeringa ønskjer at kommunane og fylkeskommunane skal leggja særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Planlegging av berekraftig areal- og samfunnsutvikling, og klimavenlege by- og tettstadsområde er to av tre hovudtema i dei nasjonale forventningane. Regjeringa ønskjer at kommunar og fylkeskommunar gjennomfører tiltak som aukar bruk av sykkel og gange i daglelivet, og tiltak som sikrar samanhengande gang- og sykkelamband av høg kvalitet.

I Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) vert det poengert at gåavstand for tettstaden rundt eit senter reknast å vera 1 km, mens sykkelavstand gjerne reknast å vera 5 km. På Straume er det slik, som mange andre stader, at svært mange bur i sykkelavstand til sentrum, arbeidsplass og skule. I reisevaneundersøkinga for region vest (SINTEF, 2013) kjem det fram at dei fleste bilturane skjer over relativt korte avstandar og at det er stort potensiale for å få fleire til å gå eller sykla. I 2013 vart det registrert heile 5500 personbilreiser mellom Straume og Bildøy/Foldes/Valen/Brattholmen/Hjelteryggen, som kan reknast å vera innanfor ei akseptabel avstand for sykling.

Hovudmåla i Nasjonal transportplan 2014-2023 er at transportvekst skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Nasjonal sykkelstrategi spesifiserer at sykkeltrafikken skal utgjera 8% av alle reiser innan 2023. Dette krev styrka innsats og systematikk, difor vert kommunane oppmoda om å utarbeida kommunale sykkelstrategiar. Fjell følgde opp den nasjonale og regionale satsinga og vedtok i kommunestyremøte 3. september 2015 Sykkelstrategi for Fjell kommune (2015-2018) med tiltaksplan (sak 2014/646). I 2016 vart også kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020 rullert, der sykkel er eit viktig tema. Tilrettelegging for sykkel er også høgt prioritert regionalt, mellom anna i Klimaplan for Hordaland 2014-2030, og Regional transportplan Hordaland 2013-2024. Fjell er i gong med utarbeiding av ein klimaplan, der ein skal sjå på tiltak for å blant anna redusera utslepp, og få til meir berekraftige løysingar.

Grunnen til at det er ei sterk vilje til å få fleire i dagleg aktivitet, og meir aktivitet, er at ein ønskjer at befolkninga skal leva med betre helse. Livsstilssjukdommar og kroniske plagar er ikkje berre ei utfordring som gjev nedsett livskvalitet, men det kostar også samfunnet dyrt. Fleire syklistar og gåande vil vera positivt for folkehelsa og samfunnsøkonomien, og vil i tillegg føra til betre miljø og betre framkome på vegane. Det er rekna ut at for kvar person som byrjar å sykle til jobb sparar samfunnet i snitt 30 000 kroner i helseutgifter og redusert sjukefråvær (TØI-rapport 1112/2010). Med fleire syklistar og gåande vil også lokalsamfunnet påverkast positivt, ved at innbyggjarane får bu- og oppvekstmiljø som legg til rette for fysisk aktivitet, god helse og mindre biltrafikk.

Fjell sitt arbeid med sykkel

I sykkelstrategien blir det framheva at satsing på sykkel er viktig, og at den samfunnsøkonomiske nytta av eit samanhengande sykkelvegnett er fire-fem gonger større enn kostnadane. Strategien skal vera eit grunnlag for vidare prioritering og planlegging av tiltak for å betra forholda for syklistar. Gjennom målretta satsing skal Fjell bli ein stad der det er attraktivt og trygt å sykla til arbeid, skule og andre gjeremål i kvardagen.

Dei fire målsetnadane i sykkelstrategien er:

1. Det skal vera trygt å sykla
2. Fleire skal sykla
3. Det skal vera raskt og attraktivt å sykla
4. Vi skal ha ein positiv sykkelkultur

Status på tiltaka i sykkelstrategien per april 2017 er som følgjer:

- Sykkelnett

Til Trafikksikringsplanen 2017-2020 vart det utarbeidd eit temakart med oversikt over kvar det finst fortau og gang- og sykkelveg, kvar det er regulert til føremåla, og kvar det manglar. Det skal også utarbeidast og vedtakast ein plan for heilsakleg sykkelnett, med både hovudnett og lokalnett. Tiltaket er forankra i handlingsprogram 2017-2020, punkt 12.

- Anna fysisk tilrettelegging

Kommunen skal kartleggja status og behov for sykkelparkering og garderobefasilitetar for tilsette i alle offentlege bygg. I etterkant av kartlegginga skal det etablerast gode, trygge parkeringsanlegg under tak ved offentlege bygg der det er behov. Det er også eit mål at tilsette i offentlege bygg skal få tilgang til garderobefasilitetar og utstyr til enkel sykkelservice. Det skal utarbeidast ein plan for skilting og merking av eksisterande sykkelruter. Desse tiltaka er ikkje gjennomførde per dags dato.

Siste tiltak under fysisk tilrettelegging er å finansiera og montera sykkelteljar. Denne vart montert mars 2016 ved Liljevatnet skule, og data for sykkeltrafikk på gang- og sykkelvegen langs Rv 555 vert publisert på vegvesenet sine sider kvartalsvis. Frå mars til desember vart det registrert 183 passeringar, og årsdøgntrafikk (ÅDT) er rekna til å vera 17 passeringar. ÅDT er ein måte å rekna ut gjennomsnitt for dagleg trafikkmengde.

Kommunen er også i gong med å finna areal for ei sykkelparkering ved Sartor storsenter, der ein kan låsa sykkelen sin trygt når ein skal reisa vidare med buss, handla eller anna. Det er oppretta kontakt med fylkeskommunen om eit spleislag for dette bygget, og truleg vert sykkelparkering sett opp i løpet av 2017.

- El-sykkel

Kommunen skal vidareføra og utvikla pilotprosjekt med tenestesykkel. Fjell har i dag tre el-syklar og desse vert nytta i stor grad, bortsett frå vintermånadane. To el-syklar er plassert på rådhuset, og éin står i Terapibygget hos fysioterapeutane. Tilbakemeldingane frå tilsette er at el-syklane er eit godt alternativ når dei skal på møter og ærend som ikkje er langt unna, og dei slepp å bruka bil. Det er ønskjeleg å få finansiert fleire el-syklar til andre tenestestader i kommunen.

- Informasjon og kampanjar

Fjell har fleire arrangement og kampanjar i året, og i tiltaksplanen er det spesifisert at kommunen skal jobba med opplæringsprogrammet for skulane «Alle barn sykler», Sykle til VM, Sykle til jobben og Skjærgårdsrittet. Våren 2017 vedtok Fjell å sponsa Sykle til jobbenaksjonen for alle som bur og jobbar i kommunen. Tiltaket er sett i samanheng med Sykkel-VM som vert arrangert til hausten. Kommunen har i tillegg løyvd 1,5 millionar til Bergen2017 og 3 millionar kroner til sjølve Sykkel-VM.

Fjell har tilsett ein mobilitetskoordinator, gjennom midlar frå fylkeskommunen, som arbeidar med tiltak og haldningsskapande arbeid retta mot sykkel.

Samtidig arbeider kommunen med sykkel gjennom det nasjonale Byregionutviklings-programmet (Byreg), saman med Os, Meland og Lindås. Programmet handlar om å utvikla regionsenteret, og eit av innsatsområda i dette prosjektet er kompetanseheving og kartlegging av sykkelbruk. I mai vert det sendt ut spørjeundersøking til bedrifter og ungdomsskular, og det skal haldast sykkelteljing på Straume. Plan- og utbyggingssjefen har saman med eigedomssjefen gjort ei vurdering av kva strekningar som er aktuell for teljing og spørjeundersøking. Følgjande strekningar vart prioritert:

1. FV 209 Foldnesvegen frå Våge til Sartor senter. Med tanke på planlegginga som skjer på nordre Littlesotra og kvaliteten på denne vegen, er strekninga spesielt aktuell. Stor utbygging av bustadar og nærleik til skule, barnehage, handel og arbeidsplassar vil føre til endå meir trafikk.
2. FV 209 Arefjordvegen frå Arefjord til Sartor senter. Arefjordvegen vil vera bindeledd mellom bustadområda og idrettsparken, skule og Sartor. Her vil det truleg bli meir trafikk, sjølv om det er kort avstand, og potensialet for å ta veksten med gange og sykkel er stor.
3. KV 47 Bildøyvegen. Representerer aksen frå vest og inn mot sentrum av Straume. Her får ein registrert ei innfartsårane inn til kystbyen og trafikk til og frå skulen på Bildøy. Med omsyn til kvar folk bur og reiser til skule, barnehage og jobb er dette et aktuelt strekk å få kartlagd.

- Drift og vedlikehald

Fjell kommune ved Eigedomssjefen og vegvesenet har ansvar for å reasfaltera eksisterande gang- og sykkelvegar ved behov, og det er sett opp sykkelveginspeksjon minst éin gong i kvar planperiode. Eit anna tiltak er å synleggjera varslingssystemet «Fiks gata mi» på kommunen si nettside.

- Sykkelvenleg arealbruk

Plan- og utbyggingssjefen skal i alle planforslag sørge for at tilrettelegging for sykkel er vurdert og omtalt. I Mobilitetsplan for Bildøyna (2014) er tilrettelegging for sykkel svært høgt prioritert. Planen kjem med konkrete tilrådingar om korleis Sotra Kystby skal knytast saman med områda rundt, og kva kvalitative grep ein må gjera for å få ein så høg gang-, sykkel- og kollektivandel som mogleg.

Sykkelbynettverket

Fjell er med i Sykkelbynettverket, eit fagleg nettverk som er gratis for kommunar, fylkeskommunar og Statens vegvesen. Måla er å heva kompetansen på tilrettelegging for sykling, skapa arena for dialog, informasjons- og erfarringsutveksling av gode eksemplar. Nettverket er i vekst, og har i dag 88 kommunar, 15 fylkeskommunar og alle fem regionane frå vegvesenet med. Kvart år vert det haldt nettverkssamlingar, grunnkurs i sykkelplanlegging, studieturar og temasamlingar. Det er også eigne faggrupper på Facebook med dialog, inspirasjon og meir. Til no har Fjell knytt kontakt med andre sykkelbyar i region vest, og kan nytta erfaringar som er gjort i sykkelerbeidet.

Korleis vert kommunen Sykkelby?

I 2005/2006 gjekk Statens vegvesen Region sør inn i samarbeid om «Sykkelbyavtale» med fem byar, med mål om å betra forholda for syklistar og auka sykkelbruk med 50%. Dette var starten på ei nasjonal satsing på sykkel frå staten. Partane i sykkelbyavtalen er kommunen, fylkeskommunen og Statens vegvesen, men lokale lag og foreiningar kan også involverast. Foreløpig er det 42 kommunar som har eit slikt samarbeid, og i region vest er desse Bergen, Florø, Førde, Stord, Haugesund og Eigersund.

Auka bruk av sykkel vert sett i samanheng med andre politikkområder, som folkehelse, miljø og klima, trafikksikring, reiseliv og samferdsle. Det må gjerast ei innsats for at folk skal verta motivert til å ta sykkelen i bruk, og samarbeidsavtalen skal sikra at partane jobbar kontinuerleg og målretta. Derfor har sykkelbyavtalene ei varighet på minst fire år, og skal vera tydeleg på strategiske mål, økonomiske og organisatoriske verkemiddel og tiltak. Avtalen må også vera tydeleg på kven som er partane, kor det skal rapporterast og kva som er målet med samarbeidet. Desse punkta må definerast innleiingsvis på møte mellom Fjell kommune, fylkeskommunen og Statens vegvesen, med forankring i eit eller fleire kommunestyrevedtak og normalt også fylkesvedtak.

Tilskot for auka sykkelbruk

Statens vegvesen administrerer tilskotsordninga for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Dette er ei årleg tildeling med frist 1. september 2017. Alle kommunar og fylkeskommunar kan søkja, og ordninga kan finansiera inntil 50% av kostnadane for politisk vedtekne tiltak. Det er også ei føresetnad at kommunen har reguleringsplan for prosjektet på søknadstidspunktet. Tilskotsordninga har kriterier og sykkelbyane vert prioriter, men det er likevel ikkje krav om å oppfylle alle desse for å søkja:

- Dei kommunar og fylkeskommunar som har forpliktande avtale med Statens vegvesen om auka sykkelsatsing (særskilt utvalde sykkelbyar).
- Kommunar med vedteken plan for samanhengande hovudnett for sykkeltrafikk.
- Prosjekt som inngår i eit samanhengande gang- og sykkelvegnett.

- Prosjekt i sykkelbyar som har ein plan for samla innsats med omsyn til investeringar, drift, vedlikehald, informasjon og bilrestriktive tiltak.
- For å sikra skulevegar vil prosjekt som byggjast innanfor ein radius på fire km frå skular prioriterast, då først dei som ligg nærmast skulane.
- Det kan søkjast tilskot til gang- og sykkelanlegg - infrastrukturtiltak inkludert sykkelparkering, skilting og oppmerking.

Med føresetnad om at kommunen må ha vedteke økonomisk finansiering for å få dekka 50% av kostnadane til tiltak for auka sykkelbruk, er FV209 Foldnesvegen og Bildøyvegen (frå bru til bru) aktuelle strekningar. I Årsbudsjett 2017 og Økonomiplan 2017-2020 er det sett av 50 millionar til utbetring av vegar. Det har nyleg vore møte mellom politisk og administrativ leiing frå Fjell kommune, fylkeskommunen og Statens vegvesen angåande FV 209 Foldnesvegen, og det er positive signal frå fylkeskommunen om å prioritera 50% finansiering av denne strekninga. Det er vedteke 40 millionar kroner til Bildøyvegen fordelt over dei to siste trafikksikringsplanane for Fjell, i tillegg til 850 000 kroner til veglys.

Vurdering:

Rådmannen meiner det vil vera naturleg for Fjell å ta sykkelsatsinga vidare ved å inngå avtale med fylkeskommunen og Statens vegvesen om å bli sykkelby. Ved at Fjell får status som sykkelby får kommunen eit godt utgangspunkt til å etablira ein kultur der sykling blir eit naturleg transportval for fleire enn det er i dag. Potensialet for å spara klima, miljø og helse ved å satsa på gange og sykkel, er stort. Ein vil då legga til rette for tryggare skulevegar og betre oppvekstvilkår, noko som vil skapa trivsel i nærmiljøa.

Det er også ei føresetnad at ein inngår ei sykkelbyavtale om kommunen skal bli prioritert i finansiering av gang- og sykkelveg frå Statens vegvesen. Med utgangspunkt i satsing på regionsenteret, planprosessar og befolkningsveksten, meiner rådmannen at Foldnesvegen og Bildøyvegen bør prioriterast. På desse strekningane er det behov for gang- og sykkelveg med god kvalitet, då det ferdast folk i alle aldersgrupper, men spesielt barn og unge til og frå skule. I eit folkehelseperspektiv og miljøperspektiv vil det vera viktig at auke i persontransport i dei store byane skjer innanfor kollektivtransport, gåing og sykling. Målsetninga nasjonalt er å auka reiser utført på sykkel frå 4% til 8% innan planperioden. Desse måla er nedfelt i Nasjonal transportplan 2014-2023.

Fjell har ein topografi og eit vegnett som kan gjere det utfordrande å sykla lange avstandar, men dei fleste bilturane som vert gjort rundt regionsenteret er fullt overkommelege for syklistar. Spesielt om el-sykkel vert meir vanleg å nytta. Det må setjast klare mål og visjonar for Sykkelbyen Fjell, og gjennom satsing som sykkelby vil det kunna gje kommunen eit løft i arbeidet med å utvikla sykkelvegnett og stimulera til at fleire går eller syklar oftare. Fagpersonar som jobbar med sykkel til dagen vil få støtte og rettleiing frå fylkeskommunen og Statens vegvesen, som skal utfylla kvarandre med kompetanse for å nå måla.

Av desse årsakene vil det å bli sykkelby vera eit naturleg steg vidare for Fjell. Rådmannen rår til at Fjell kommune inngår avtale med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å verta sykkelby. Rådmannen legg også til grunn at ein vil søkja tilskot frå Statens vegvesen om gang- og sykkelveg som kan auka sykkelbruk på Foldnesvegen og Bildøyvegen.